

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Sveinung Toft	FE - 144, TI - &37	15/955

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
137/2015	Formannskapet	PS	01.12.2015

## Planstrategi for Masfjorden kommune 2016 - 2020 - oppstart av arbeidet

### Vedlegg:

Planstrategi for

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune startar opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2016 – 2020.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Kommunen har etter PBL § 10-1 første ledd plikt til å vedta ein kommunal planstrategi seinast eitt år etter at det nye kommunestyret er konstituert. I lova står det at:  
«Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.»  
Det er det nye kommunestyret som er ansvarlig for utarbeidinga.

Gjeldande planstrategi for perioden 2012 – 2016 vart vedteken i kommunestyret i møte den 30.10.2012, sjå vedlegg. Gjeldande plan har følgjande fokus:

### Bru over Masfjorden

### Lokalsamfunnsutvikling - folketalsauke og bustadbygging

### Samfunnstryggleik og beredskap

### Energi og klima

### Folkehelse

### Kvalitet og kompetanse

### Kommunale tenester

Masfjorden kommune har hatt folketalsauke som eit overordna mål. Ved siste

folketalsstatistikkrunnda vi 1700 innbyggjarar. Dette viser at det nyttar å ha fokus på lokalsamfunnsutvikling og bustadbygging, og inspirerer til vidare satsing i tråd med målsettingane i kommuneplanen sin samfunnsdel. Planstrategien skal vera eit prioriteringsverktøy, slik at det planarbeidet som har størst effekt for å nå kommunen sine hovudmål vert gjennomført først.

### **Vurdering**

Første del av arbeidet vert å innhenta synspunkt frå det administrative og det politiske miljøet i kommunen, for å setja saman ein oversikt over utviklingstrekk og utfordringar kommunen no står over for. Med dette som bakgrunn kan administrasjonen laga eit utfordringsdokument med status over dei ulike planane og eventuelle med framlegg til planbehov (nye eller revidering av eksisterande) kommunen har for å møte desse utfordringane/utviklingstrekk. Ved prosessen for planstrategi for 2012-2016 vart det laga eit godt kunnskapsgrunnlag. No vil det vera naturleg å ta utgangspunkt i kva røynsle ein har med gjeldande plandokument og behov for revidering, samt sjå nærmare kva nasjonale og regionale forventningar ein og bør ta inn i strategidokumentet. Her vil og eventuelle behov knytt til framtidig kommunestruktur måtte vurderast. Så snart ein har på plass ein oversikt over status og utfordringar ser ein for seg at administrasjonen kan presentere dette for formannskapet. Venteleg kan eit statusdokument med utfordringar vera på plass til det formannskapsmøtet som skal vera i februar.

Når det ligg føre eit framlegg til ny planstrategi skal dette kunngjerast og sendast på høyring til regionale instansar m.fl.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at formannskapet gjer vedtak om å starta opp arbeid med ny planstrategi for perioden 2016 – 2020.

### **Formannskapet - 137/2015**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland og ass. rådmann Sveinung Toft orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

#### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune startar opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2016 – 2020.**

